

Kontrollutvalet

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/18	047	30.10.2018	06.11.2018	JS

45

ORIENTERING OM IMPLEMENTERING AV GDPR

Forslag til uttale

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.

Vedlegg

1. Personvernombudets oppgåver
2. Frå rådmannen, dat. 25.10.2018 Vågsøy sitt arbeid med Datadirektivet m/vedlegg
 - Notat av 25.10.2018 Vågsøy sitt arbeid med Datadirektivet
 - Kommunestyresak 056/18 av 14.06.2018 Personvernerklæring for kommunen

Saksopplysning

EU har sett i verk ei personopplysningsforordning GDPR (General Data Protection Regulation). Noreg er forplikta til GDPR gjennom EØS avtalen. Denne forordninga er implementert i ny personopplysningslov. Hensikta med reglane er å styrke personvernet, meir openheit rundt innsamling av personopplysningar og at bruk av opplysningane skal grunnvist og avgrensast.

Alle offentlege verksemder må ha personvernombod for å sikre at reglane vert følgt. Personvernombodet må ha fagleg kunnskap til reglane og kunnskap om personvernrett.

Oppgåver til eit personvernombod:

Personvernombodet si hovudoppgåve er å informere og gi råd om de forpliktingar verksemda har etter personvernlovgivinga til den behandlingsansvarlige eller databehandlaren, samt til dei tilsette som utfører behandling av personopplysningar.

Andre oppgaver til personvernombudet (sjå under og i vedlegget):

- Kontrollere overholdelsen av personvernregelverket
- Gi råd om vurdering av personvernkonsekvenser (DPIA)
- Samarbeid med Datatilsynet og funksjon som kontaktpunkt
- Prioritert innsats der personvernrisikoen er høyest
- Bidra til å få oversikt over behandlingene i virksomheten

Linda Myhre Larsen er kommunen sitt personvernombod.

Personvernerklæring

Personvernerklæringa fortel korleis kommunen samlar inn, vernar og brukar opplysningar om personar (personopplysningar).


Målet er å gi den enkelte overordna informasjon om kommunen si behandling av personopplysningar.

Kommunen si personvernerklæring ligg ved saka.

Orientering frå rådmannen

Rådmannen har ingen å sende for å orientere om saka, så han har gitt orienteringa skriftleg.

Han kan evt. møte på ei seinare møte.


Jostein Støylen
Dagleg leiar

PERSONVERNOMBUDETS OPPGAVER

I personvernforordningens artikkel 39 gis det en oversikt over en rekke andre oppgaver et personvernombud har:

Kontrollere overholdelsen av personvernregelverket

Ombudet skal kontrollere overholdelsen av personvernlovgivningen og andre relevante regelverk med personvernbestemmelser, samt virksomhetens egne interne retningslinjer for personvern. Som en del av dette kan ombudet ha følgende oppgaver:

- samle inn informasjon for å identifisere behandlingsaktiviteter
- analysere og sjekke at behandlingsaktivitetene er i tråd med regelverket
- informere, gi råd og anbefalinger for å sikre regelverketterlevelse
- foreslå ansvarsfordeling for oppgaver knyttet til ivaretagelse av personvernet i virksomheten
- gjennomføre holdningsskapende arbeid i virksomheten og opplæring av medarbeidere

Selv om personvernombudet har en rolle i å kontrollere etterlevelse etter regelverket, er det fremdeles den behandlingsansvarlige eller databehandleren som er ansvarlig for at personvernlovgivningen følges.

Gi råd om vurdering av personvernkonsekvenser (DPIA)

Personvernombudet skal på anmodning gi råd om vurderingen av personvernkonsekvenser (Data Protection Impact Assessment – DPIA) og kontrollere gjennomføringen av konsekvensvurderingene. Det er den behandlingsansvarlige, ikke personvernombudet, som har ansvaret for at slike vurderinger gjennomføres. Ombudet kan imidlertid ha en viktig rolle med å bistå den behandlingsansvarlige i disse vurderingene.

Artikkel 35 i forordningen pålegger den behandlingsansvarlige å be om råd fra ombudet når man skal utføre en konsekvensvurdering. Den behandlingsansvarlige kan be om råd om:

- det er behov for å utføre en vurdering av personvernkonsekvenser
- hvilken metode som skal benyttes
- konsekvensvurderingen skal gjøres internt eller ved hjelp av eksterne krefter
- hvilke sikkerhetstiltak (tekniske og organisatoriske) som bør tas for å minimere risiko

hvorvidt konsekvensvurderingene er blitt gjennomført på riktig måte, og om konklusjonene er i tråd med regelverket

Samarbeid med Datatilsynet og funksjon som kontaktpunkt

Personvernombudet skal samarbeide med Datatilsynet og fungere som et kontaktpunkt for tilsynet ved eventuelle spørsmål. Ved behov skal ombudet også kunne rådføre seg med tilsynet. Ombudet skal legge til rette for at Datatilsynet får den informasjonen det trenger for å utføre sine oppgaver og plikter, for eksempel i forbindelse med sin kontrollvirksomhet.

De registrerte skal på sin side kunne kontakte personvernombudet med alle spørsmål knyttet til behandling av deres opplysninger, og om utøvelsen av rettighetene de har i henhold til personvernlovgivningen.

Prioritert innsats der personvernrisikoen er høyest

Forordningen forutsetter at personvernombudet tar hensyn til risikoene forbundet med behandlingsaktivitetene sett i lys av behandlingens art, omfang, formål og sammenhengen den utføres i. Dette betyr at innsatsen fra personvernombudet sin side naturlig nok i hovedsak bør rettes mot områder hvor risikoen for personvernet vurderes å være høyest.

Bidra til å få oversikt over behandlingene i virksomheten

Artikkel 30 i forordningen pålegger den behandlingsansvarlige eller databehandleren å føre en oversikt over hvilke behandlinger av personopplysninger virksomheten har.

Den behandlingsansvarlige kan bestemme å gi ombudet flere oppgaver, så lenge det ikke oppstår interessekonflikt. Det å etablere en slik oversikt er en oppgave som ofte vil bli delegert til personvernombudet. En slik oversikt er da også et viktig verktøy for at personvernombudet skal kunne utføre sine oppgaver.



Vågsøy kommune

Rådmann

Vest Kontrollutvalgssekretariat (VKUS)
6149 ÅRAM

Vår ref:
18/16697

Dykkar ref.

Dato:
25.10.2018

Vågsøy sitt arbeid med Datadirektivet

Viser til innkalling til møte i Kontrollutvalet 6. nov. 2018.

Vi har ikkje høve til å møte nokon vedk. denne saka og sender ei skriftlig orientering om arbeidet.

Om ønskjeleg kan eg møte på eit seinare møte.

Med helsing

Knut Ove Leite
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Vågsøy sitt arbeid med Datadirektivet.	1396605	25.10.2018
Personvernerklæring for Vågsøy kommune	1374139	25.10.2018
Personvernerklæring for Vågsøy kommune	1374255	25.10.2018



Notat

Til:

Kopi til:

Vår sakshandsamar:

Knut Ove Leite

Vår ref:

18/814-5/ FE-040

Dato:

25.10.2018

Vågsøy sitt arbeid med Datadirektivet.

Vågsøy kommune har arbeidd med dette siste 2 åra med sikte på at alt skulle vere klart til dato for iverksetting av direktivet etter personopplysningslovgivninga..

Det har gått langs 2 hovudspor, saman med IKT Nordfjord (Nordfjordnett) og i eigen regi.

Det er utarbeidd personvererklæring som er vedteken av kommunestyret.

Det er utpeika personvernombud som er meld inn til Datatilsynet. Det blir likevel arbeidd med å få på plass ei interkommunal løysing for dette.

Det er utarbeidd eit oversyn over alle program og personvernopplysningar som komunen har/lagrer om folk i ulike faser av livet.

Informasjonen er tilgjengelig på kommunen si heimeside.

<https://vagsoy.kommune.no/om-kommunen/personvernerklaring/>

I arbeidet fram til dette har det vore eit breitt arbeid i organisasjonen som har involvert tilsette gjennom tenesteleiarane. Representantar frå kommunen har delteke på eksterne kurs og det har vore innleigde konsulentar.

Det siste har i stor grad skjedd i samarbeid med IKT Nordfjord og Nordfjordkommunane. Det har vore kurs både i regi av ATEA og DIFI. Vi har også delteke på møter/seminar i regi av Datatilsynet og

Inntrykket er at innføringa har gått greitt og kommunen har i liten grad hatt publikumshenvendelser med henvisning til direktivet.

Det er samstundes inngått ei rekke databehandleravtaler med ulike leverandører av tenester til kommunen. Avtlane regulerer deira handtering av personopplysningar på kommunen sine vegne.

Helsing

**Knut Ove Leite
rådmann**

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Vågsøy kommune

Arkiv:

JournalpostID: 18/6276

Saksbehandlar: Knut Ove Leite

Dato: 28.05.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/18	Administrasjonsutvalg	06.06.2018
056/18	Kommunestyre	14.06.2018

Personvernerklæring for Vågsøy kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Personvernerklæring for Vågsøy vert godkjent i tråd med vedlegg.

Administrasjonsutvalg 06.06.2018:

Handsaming:

Votering

Rådmannen si innstilling samrøystes vedtatt.

ADMU- 005/18 Vedtak:

Personvernerklæring for Vågsøy vert godkjent i tråd med vedlegg.

Kommunestyre 14.06.2018:

Handsaming:

Votering

Administrasjonsutvalet si innstilling samrøystes vedtatt.

K- 056/18 Vedtak:

Personvernerklæring for Vågsøy vert godkjent i tråd med vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Det vert innført ny personvernreglar frå 1. juli. Dette inneber at kommunen må ha nytt regelverk på plass og ha verktøy for å handtere personopplysningar og folk sin opplysningsrett om lagra data og rutiner for sletting. Kommunen må ha generell informasjon om korleis vi handterer personopplysningar.

Saksopplysningar:

Det pågår eit omfattande arbeid for å tilpasse seg EU sine nye personvernreglar. Mykje er samanfallande med eksisterande reggelverk, mne vernet for den enkelte sine opplysningar blir skjerpa ma i høve bøtelegging mot bedrifter/institusjoner som ikkje kan dokumentere kontroll på datainformasjonen.

Kommunen må ha oversyn over kva som finnes av opplysningar på den enkelte, godtgjering av behovet for opplysningar, trygge rutiner for handtering og rutinar for sletting.

Til orientering om endringane vert det vist til Datatilsynet si heimeside.

https://www.datatilsynet.no/globalassets/global/regelverk-skiema/forordningen/punktliste-til-ny-forordning_web.pdf

Vågsøy kommune har arbeidd dette saman med Nordfjordkommunene, Flora og Nordfjordnett. Det vil i det vidare blir samarbeidd om ei felles stilling som Personverombud som alle kommunane skal ha. Vedk. skal påsjå at regelverket blir følgd og vere ein ressursperson for tilsette og innbyggjarar.

Vågsøy vil nytte ein tilleggsmoduleksisterande kvalitetssystem for å handtere dette oversikta over datasystem som handterer personinformasjon.

Vurderingar:

Det vert lagt fram til politisk handsaming ei personvererklæring som vil ligge på heimesida som informasjon til publikum.

Det er eit omfattande arbeid å få rutinene opp og gå. Løpande arbeid med å halde opplysningane ajour, vil vonaleg vere ein del av løpande rutiner.

Vedlegg i saka:

Personvernerklæring for Vågsøy kommune

Personvernerklæring for Vågsøy kommune

Denne personvernerklæringa fortel korleis Vågsøy kommune samlar inn, vernar og brukar opplysingar om personar (personopplysingar).

Når du kontaktar kommunen

Når du sender brev eller elektronisk post til kommunen er vi pliktige til å journalføre det. Brevet kjem då på postlista og alle som ønskjer det får då innsyn i innhaldet (offentleglova) gjennom søk på kommunen sine heimesider. I nokre tilfelle kan innhaldet i brevet vere slik at brevet ikkje kan offentleggjerast. Då vil det ikkje kome på postlista. Brevet vert likevel journalført og behandla av kommunen (arkivlova). Det er eit viktig prinsipp at kommunen er open (forvaltingslova) og at dialogen du har med kommunen vert sikra for ettertida (arkivlova).

Du har rett til å bestemme over dine egne opplysingar (personvernprinsippet) og du skal som hovudregel gje samtykke til at vi kan bruke dei. Kommunen skal rette seg etter det du bestemmer. Det er likevel slik at kommunen kan hente inn opplysingar om deg utan at du har sagt ja til det, der det er nødvendig for å utøve offentleg mynde. Vi har ikkje lov til å hente inn meir opplysingar enn det vi treng (dataminimering). Du har rett til å be om innsyn i dei opplysingane vi har samla om deg. Kommunen har eit eige personvernombod som passar på at vi held oss til lova. Du kan kontakte dette ombodet om du har spørsmål.

Kommunen leverer mange tenester og brukar ulike støttesystem i dette arbeidet. Fleire av desse systema inneheld personopplysingar. Døme på slike opplysingar er personnummer, namn, adresse, e-post-adresse, telefonnummer og underskrifter. Nokre av systema våre inneheld også sensitive personopplysingar. Døme på dette er innan helse- og omsorg der vi tar vare på informasjon om helsa di.

[Sjå oversikt over alle typar personopplysingar som vi behandlar \(Ikkje ferdig\)](#)

Du har rett på innsyn i kva for informasjon kommunen har samla om deg og du skal kunne rette opp opplysingar som er feil. I nokre tilfelle kan du, ved å trekke tilbake samtykket, krevje at kommunen slettar informasjon som er lagra om deg. I andre tilfelle har kommunen ei plikt til å samle og ta vare på personopplysingar om deg, sjølv om du ikkje ønskjer det (løyve gitt i lov). [Sjå oversikt over norske lover som gir oss slikt løyve.](#) All informasjon er lagra i Noreg og det er dermed norsk lov som gjeld når du ber om innsyn eller endringar av informasjonen vi har lagra om deg.

Korleis får kommunen informasjon om meg?

Vi får opplysingane frå deg gjennom søknadar om kommunale tenester, søknad om arbeid og e-post eller brev du sender til oss. Informasjonen vert nytta når vi yter deg tenester. Viktig informasjon om helsa di kan, dersom det er behov for det, sendast vidare til sjukehus. Sjukehuset vil også sende helseinformasjon om deg tilbake til kommunen når du er ferdig med behandlinga der.

Har du spørsmål?

Rådmannen er ansvarleg for korleis kommunen behandlar personopplysingane dine (behandlingsansvarleg). Du kan kontakte rådmannen ved å ringe kommunen sitt sentralbord på telefon 57 84 50 00 eller sende epost til postmottak@Vågsøy.kommune.no.

Linda Myhre Larsen er personvernombod. Kontakt ho ved å ringe 57 84 50 00 eller sende epost til linda.myhre.larsen@Vågsøy.kommune.no.